

**SOLUND KOMMUNE**  
**SOLUND SERVICEKONTOR**

Det Kongelige kommunal- og regionaldepartement  
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

**Arkivsaknr.:**  
07/88

**Journalnr.:**  
2008000307

**Arkivkode:**  
K1-103

**Dato:**  
01.02.2008

## **MELDING OM POLITISK VEDTAK**

*Solund kommunestyre vedtok i møte 29.01.08 å sende slik fråsegn til utvalet sitt framlegg til nytt inntekssystem:*

### **KOM-002/08 VEDTAK:**

Utvalet si målsetting om eit likeverdig tenestetilbod for alle vil ikkje bli mogeleg med utvalet sitt framlegg til nytt inntektssystem. Det vil ikkje vere mogeleg å drifte kommunale tenester i Solund kommune innanfor lover, rammer og vørdnad med det framlegget som no ligg føre.


Solund Kommunestyret kjem med framlegg om at:

1. Inntektssystemet får ein større del med folketaluavhengige overføringer.
2. Spredtbygdkriteria innanfor utgiftsutjamninga får høgare vekting.
3. Eige kriterium for mikrokommunar.
4. Ordninga med kommunal selskapsskatt vert vidareført.

Vedlagt fylgjer ksak 002/08 Inntektssystem for kommunane, fråsegn til Sørheimsutvalet

Med helsing

*Ingunn Sanden*  
Ingunn Sanden  
-økonomisjef-



## Sakspapir

| SAKSGANG                  |         |            |               |
|---------------------------|---------|------------|---------------|
| Styre, utval, komite m.m. | Saksnr. | Møtedato   | Sakshandsamar |
| FORMANNSKAP               | 003/08  | 29.01.2008 | ROLSU         |
| KOMMUNESTYRE              | 002/08  | 29.01.2008 | ROLSU         |

|                                 |                          |                          |
|---------------------------------|--------------------------|--------------------------|
| Avgjerd av: Solund kommunestyre | Arkiv: K1-103<br>Objekt: | Arkivsaknr<br>2007000088 |
|---------------------------------|--------------------------|--------------------------|

## INNTÆKTSYSTEM FOR KOMMUNANE, FRÅSEGNER TIL SØRHEIMUTVALET

### ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Utvalet si målsetting om eit likeverdig tenestetilbod for alle vil ikkje bli mogeleg med utvalet sitt framlegg til nytt inntektssystem. Det vil ikkje vere mogeleg å drifte kommunale tenester i Solund kommune innanfor lover, rammer og vørnads med det framlegget som no ligg føre.

Solund Kommunestyret kjem med framlegg om at:

1. Inntektssystemet får ein større del med folketaluavhengige overføringer.
2. Spredtbygdkriteria innanfor utgiftsutjamninga får høgare vektning.
3. Eige kriterium for mikrokommunar.

### 29.01.2008 FORMANNSKAP

#### FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ SP V/HENRIK RAVNØY:

Solund kommune har tapt på nær sagt samtlige reformar og systemendringar som er gjort sidan Rattsø-utvalet sitt nye inntektssystem vart innført frå 1996.

For å bøta på noko av dette, har kommunen fått mellombelse tapskompensasjonar, det er innført ekstra regionaltilskot og Fylkesmannen har avgrensa skadeverknadane for innbyggjarane ved å tildele skjønsmidlar som har vore regionalpolitisk motiverte.

Det er dokumentert at Solund kommune allereie med gjeldande inntektssystem, med alle kompensasjonar, ekstra regionaltilskot og tildelte skjønsmidlar ligg på 19. plass nedanfrå av norske kommunar, i utvikling i frie inntekter for perioden 2000-2006.

Sørheimutvalet sitt framlegg til nytt inntektssystem forsterkar den negative utviklinga og er difor ein rein katastrofe for Solund kommune.

Årsakene til dette er at:

1. Alle tapskompensasjonar for systemendringar i perioden 2002-2006 er fjerna
2. Regionaltilskotet opphøyrer
3. Skjønsmidlane til Fylkesmannen vert for framtida redusert til berre å skulla dekkja ekstraordinære hendingar i driftsåret.
4. Dei distriktspolitiske verkemedela og opphøyr av selskapsskatt dekker ikkje på nokon måte opp for det store inntektstapet.
5. Inntektsgarantisystemet er berre eit mellombels plaster på såret og endrar ingenting på den endelege utviklinga kommunen med dette framlegget står føre.

Med dette framlegget vert Solund vengeklipt med tanke på å skapa framtidig folketalsvekst og næringsutvikling. Dette står i sterk motsetnad til utvalet og regjeringa sin intensjon om å ivareta nettopp slike kommunar.

Solund kommune meiner difor at:

1. Skatteinntektsutjamninga må vere høg.
2. Det må framleis vere overføringar som ikkje er avhengige av folketal, og her må ein særleg vurdere eit eige tilskot til dei minste kommunane. (Mikrokommunar)
3. Skjønnpotten bør ikkje reduserast.
4. Det må nyttast folketal pr 1.7. som grunnlag for neste års inntektsutjamning og utgiftsutjamning.
5. Inntektsgarantitilskotet (INGAR) er viktig for ikkje å få for store nedskjæringar frå eitt år til eit anna.
6. Det må ved gjennomgangen av utgiftsutjamninga leggjast større vekt på spreiddbygdkriterier.

| <b>Effekt for Solund kommune - fleirtalsframlegg:</b> |                  |                 |                    |
|-------------------------------------------------------|------------------|-----------------|--------------------|
| Grunnlag innbyggjartal                                | 877              |                 |                    |
|                                                       |                  |                 |                    |
| <b>Konklusjon mandat</b>                              | <b>Effektar</b>  |                 |                    |
|                                                       | <b>Pr. innb.</b> | <b>1000-kr.</b> |                    |
|                                                       |                  |                 |                    |
| Samla effekt - frå tabell                             | (3 905)          | (3 424 685)     |                    |
| Auka inntektsutjamning – isolert                      | 82               | 71 914          |                    |
| Kommunal selskapsskatt – isolert                      | 287              | 251 699         |                    |
|                                                       |                  |                 |                    |
| <b>Selskapsskatt/inntektsutjamning 60%-fleirtal</b>   | 335              |                 | 293 795            |
| <b>Distriktspolitisk tilskudd</b>                     | (2 297)          |                 | (2 014 469)        |
|                                                       |                  |                 |                    |
| <b>Trekk i Fylkesmannen sine skjønsmidlar</b>         | (534)            |                 | (468 318)          |
| <b>Trekk i kompensasjon for tap 2002-2006</b>         | (1 775)          |                 | (1 556 675)        |
| <b>Gevinst/tap ikkje-oppdatert folketal</b>           | 410              |                 | 359 570            |
| <b>Finansiering vekstkompensasjon</b>                 | (45)             |                 | (39 465)           |
|                                                       |                  |                 |                    |
| <b>Samla effekt – summert</b>                         |                  |                 | <b>(3 425 562)</b> |

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FRP/H:**

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak med tillegg av nytt punkt 4:  
Ordninga med kommunal selskapsskatt vert vidareført.

#### ***Votering:***

Det vart først røysta over SP sitt framlegg til vedtak. SP sitt framlegg til vedtak fall med 4 mot 1 røyst.

Deretter vart det røysta alternativt over administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak og FRP/H sitt framlegg til vedtak. FRP/H sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FOR-003/08 VEDTAK:**

Utvalet si målsetting om eit likeverdig tenestetilbod for alle vil ikkje bli mogeleg med utvalet sitt framlegg til nytt inntektssystem. Det vil ikkje vere mogeleg å drifte kommunale tenester i Solund kommune innanfor lover, rammer og vørnads med det framlegget som no ligg føre.

Solund Kommunestyret kjem med framlegg om at:

1. Inntektssystemet får ein større del med folketaluavhengige overføringar.
2. Spredtbygdkriteria innanfor utgiftsutjamninga får høgare vekting.
3. Eige kriterium for mikrokommunar.
4. Ordninga med kommunal selskapsskatt vert vidareført.

## **29.01.2008 KOMMUNESTYRE**

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ SP V/HENRIK RAVNØY:**

Formannskapet sitt mindretalsframlegg.

#### ***Votering:***

Det vart røysta alternativt over formannskapet sitt framlegg til vedtak og SP sitt framlegg til vedtak. Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 10 røyster.

SP sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster.

## **KOM-002/08 VEDTAK:**

Utvalet si målsetting om eit likeverdig tenestetilbod for alle vil ikkje bli mogeleg med utvalet sitt framlegg til nytt inntektssystem. Det vil ikkje vere mogeleg å drifte kommunale tenester i Solund kommune innanfor lover, rammer og vørdnad med det framlegget som no ligg føre.

Solund Kommunestyret kjem med framlegg om at:

1. Inntektssystemet får ein større del med folketaluavhengige overføringar.
2. Spredtbygdkriteria innanfor utgiftsutjamninga får høgare vekting.
3. Eige kriterium for mikrokommunar.
4. Ordninga med kommunal selskapsskatt vert vidareført.

## DOKUMENTLISTE:

| Nr | T | Dok.dato   | Avsender/Mottakar                              | Tittel                                                                       |
|----|---|------------|------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------|
| 1  | I | 26.10.2007 | Det Kongelige kommunal- og regionaldepartement | HØYRING SØRHEIMSUTVALET<br>INNTEKTSSYSTEM FOR<br>KOMMUNANE                   |
| 2  | I | 15.11.2007 | KS                                             | KS BER OM HØYRINGSSVAR FRÅ<br>KOMMUNANE PÅ RAPPORTEN<br>FRÅ SØRHEIMSUTVALGET |
| 3  | I | 06.12.2007 | Leka kommune                                   | SAMARBEID MIKROKOMMUNAR                                                      |
| 4  | I | 14.12.2007 | Gulen kommune                                  | INNTEKTSSYSTEM FOR<br>KOMMUNANE - FRÅSEGN TIL<br>SØRHEIMSUTVALET             |
| 6  | U | 15.01.2008 | Det Kongelige kommunal- og regionaldepartement | SØKNAD OM UTSETT<br>HØYRINGSFRIST TIL NYTT<br>INNTEKTSSYSTEM                 |
| 7  | I | 17.01.2008 | Det Kongelige kommunal- og regionaldepartement | NY HØYRINGSFRIST TIL NYTT<br>INNTEKTSSYSTEM - 01.<br>FEBRUAR 2008            |

## VEDLEGG I SAKA:

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|----------|-------------------|--------|
|----|---|----------|-------------------|--------|

## AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

- Kapittel 1 og vedlegg 1: Samlet omfordeling med utvalgets forslag, frå "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunane" – Rapport frå Sørheimutvalet sitt arbeid, datert 26.10.07. Heile rapporten finn du på denne adressa:  
[http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/rapporter\\_planer/rapporter/2007/Forslag-tilforbedring-av-overforingssys.html?id=487074&epslanguage=NO](http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/rapporter_planer/rapporter/2007/Forslag-tilforbedring-av-overforingssys.html?id=487074&epslanguage=NO)

## KVA SAKA GJELD:

Sørheimutvalet sitt forslag til nytt inntektssystem og fråsegn til dette forslaget.

## SAKSUTGREIING:

Kommunesektoren vert finansiert gjennom skatteinntekter og overføringar frå staten. Det systemet som blir brukt for å rekne ut kva inntekter som kvar kommune skal ha blir kalla "Inntektssystemet". Inntektssystemet er sett saman av to hovuddelar. Den eine er "Utgiftsutjamninga". Her er det sett ein del kriterium som skal sei noko om kva ekstra kostnader kvar einskilde kommune har for å kunne gje eit tenestetilbod innanfor dei viktigaste tenesteområda. Den andre delen er "Inntektsutjamninga". Inntektsutjamninga består av skatteinntektene, regionalpolitiske tilskot, skjønstilskotet og rammetilskotet. Alle desse midlane er frie midlar som kommunane kan nytte til dei føremåla dei ynskjer og finn det naudsynt å prioritere, i motsetning til øyremerka tilskot som vert overført utanom inntektssystemet.

Sørheimutvalget har hatt som oppdrag å komme med forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunane. Dette gjeld den delen av det kommunale inntektssystemet som ikkje gjeld utgiftsutjamninga. Utvalet har lagt fram ein rapport med høyringsfrist 28.01.07.

Nedanfor fylgjer ein kort omtale om dei ulike elementa i Sørheimutvalet sin rapport:

#### Forholdet mellom skatt og rammetilskot

Utvalet har sett på forholdet mellom skatt og rammetilskot. Skatteinntektene skal gje dei statlege overføringane ei lokal forankring. Dess større skattedelen er, dess større vil inntektene variere frå kommune til kommune. Dei siste åra har skattedelen lagt på 50%, og utvalet tilrår at dette vert vidareført.

#### Utjamning av skatteinntekter mellom kommunane

Ordninga med inntektsutjamning er slik i dag at kommunar med skatteinntekt over landsgjennomsnittet får eit trekk tilsvarende 55 % av differansen. Tilsvarende får kommunar med skatteinntekt under landsgjennomsnittet kompensert 55 % av differansen. Dette kallast symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar som har skatteinntekter pr. innbyggjar under 90% av landsgjennomsnittet får i tillegg kompensert 35% av differansen opp til 90%. Argumentasjonen for å ikkje ha 100% utjamning av skatteinntektene har vore at det vil redusere motivasjonen for å arbeide med næringsutvikling i kommunane. Utvalet sitt fleirtal går inn for å auke den symmetriske inntektsutjamninga frå 55% til 60%.

#### Selskapsskatt

Kommunane sine skatteinntekter er delt mellom skatt frå forskotspåltige(personskatt) og frå etterskotsplåltige (selskapsskatt).Ein del av selskapsskatten blir tilbakeført til kommunane, men då basert på kor stor del av arbeidsplassane i det einskilde foretaket som er lokalisert i den einskilde kommunen. Selskapsskatten varierer svært mykje mellom kommunane, og frå år til år. Ei anna negativ side er for stort fokus på selskapsskatteinntektene til kommunen så kan det vere til hinder for samarbeid i ein region. Fleirtalet i utvalet går inn for å ta selskapsskatten ut av inntektssystemet.

#### Distriktspåltiske tilskot i inntektssystemet

Dagens regionaltilskot går til små kommunar som har forholdsvis låg skatteinnang.

Det er og eit eige Nord-Norge-tilskot.

Utvalet går inn for ei omlegging av det distriktspåltiske tilskotet, slik at det omfattar kommunar som er vurdert til å ha spesielle utfordringar i høve distriktspåltiske mål om busetjing og verdiskapning.

#### Vekst og fråflytting

Slik det er no er det folketalet 01.01. som vert nytta i budsjettåret for inntektsutjamninga.

Desse folketala blir kjende midt i året og inntektsutjamninga blir då oppdatert.

Dette er ein fordel for kommunar med vekst, og ei ulempe for kommunar med folkenedgang.

Utvalet meiner det bør innførast ei ny overgangsordning som bidrar til å hindre store utslag frå eit år til eit anna.

### Skjønsmidlar i inntektssystemet

Skjønsmidlane er meint å bli brukt dersom det er ulike forhold i kommuneøkonomien som ikkje vert fanga opp i inntektssystemet.

Utvalet føreslår å redusere den totale skjønnsramma til kommunane, og å overføre ein del av dei til det nye distriktpolitiske tilskotet.

### Oppdatering av folketal

I dag vert det lagt oppdaterte folketal 01.01 i budsjettåret lagt til grunn for både inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga. Sjå og kva som er skrive under vekst og fråflytting.

Utvalet føreslår å avvikle oppdateringa av folketalet midt i budsjettåret for berekning av innbyggartilskot og utgiftsutjamninga. Utvalet føreslår at ordninga med oppdatering av folketal blir vidareført som i dag for å rekne ut inntektsutjevninga.

På den måten blir både vekstkommunar og fråflyttingskommunar ivaretekne.

### Overgangsordninga

Overgangsordninga i dagens system er slik at endringar i rammetilskotet som fylgje av innlemming av øymerka tilskot, oppgåveendringar og systemendringar vert gjennomført gradvis over ein femårsperiode.

Utvalet føreslår at dagens overgangsordning blir erstatta med ein inntektsgaranti (INGAR). Garantien inneber at ingen kommune skal få ein vekst per innbyggjar frå eit år til eit anna som er meir enn kr 300 per innbyggjar lågare enn gjennomsnittleg vekst for kommunane på landsbasis. Det vert gjeve eit inntektsgarantitilskot for å sikre dette, og tilskotet vert finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar for alle kommunane.

For sterkt negativt avvik frå landsgjennomsnittet utvikling i rammetilskotet frå eit år til eit anna.

### **VURDERING:**

Verknaden for Solund vil bli reduserte inntekter; rammetilskot og skatt, på i underkant av 3,5 million kroner. Dette er ein reduksjon på i underkant av 8 % av dagens inntekter.

Sørheimutvalet har lagt opp til ei overgangsordning som gjer at tapskommunar, som Solund, får betre tid på å skjere ned på tenestetilbodet.

Denne reduksjonen kjem i tillegg til Rattsøutvalet si innstilling som blei gjennomført i perioden 2002 - 2006, der Solund var blant taparane.

Solund kjem dårleg ut på grunn av:

1. Inntektssystemet med folketalavhengige overføringar.
2. Spredtbygdkriteria innanfor utgiftsutjamninga har for lav vekting.

Solund er den einaste reine øykommunen i Sogn og Fjordane. Kommunen ligg i innseglinga av Sognefjorden. Folketalet ligg i dag rundt 870 og tyngda av folk bur på hovedøyane Sula og Ytre Sula. Kommunen er ein utkantkommune som har vore prega av nedgang i folketalet, men dei siste åra har denne utviklinga stagnert noko. Innbyggjarane er prega av optimisme og vi er ein av dei kommunane som har verksemdar som satsar innanfor oppdrett og fiskeri, i tillegg til småverksemdar i tilknytning til desse næringane.



Kommunen har fokus på å snu den negative befolkningsutviklinga og er aktive for å få folk til å flytte til kommunen. Dette er systematisert gjennom eit omfattande kommunalt planarbeid. Kommunen er knytten saman med vegar, ferje mellom hovedøyane i kommunen og ut frå kommunen. I tillegg er det skyssbåtar til dei omliggande øyane som ikkje har ferjetilbod. For å reise ut frå kommunen er det ferjeanløp seks gongar for dagen. I tillegg til dette er det hurtigbåtanløp to gongar for dagen i retning mot Bergen mot sør, og Måløy/Selje mot nord. Ut frå geografien er det vanskelig å dagpendle frå Solund.

Dersom vi ser på Sørheimutvalet sitt mandat punkt 1.: *"Utvalet skal gjennomgå inntektsutjevningen både ut frå målsettingen om et likeverdig tjenestetilbud, sikkerhetsnett for skatteinntektssvikt lokalt og nasjonalt, motivasjon for å øke skatteinntektene og et enkelt system for utjevningen av skatteinntektene."*

Kommunen sine frie inntekter per innbyggjar har i åra 2000 – 2006, har vore lågare enn både for landsgjennomsnittet og for fylket. Nominell vekst i frie inntekter frå 2007 til 2008 er for Solund på 2,3 %, medan det for landsgjennomsnittet er på 3.5 %. Kommunen har den nest lågaste veksten i Sogn og Fjordane, berre Lærdal kommune som er ein av kraftkommunane har lågare vekst enn oss. I tillegg til å ligge på botn i Sogn og Fjordane er vi og blant dei kommunane i Noreg som kjem dårlegast ut. Ser vi dette i samanheng med dette vil innføringa av det nye inntektssystem bli ei rasering av det minimum av tenester vi yter i dag og målsettinga om eit likeverdig tenestetilbod.

Kommunen har eit nøkternt kommunalt tenestetilbod; to barneskular, ein ungdomsskule og alders og sjukeheim. Utfordringane til kommunen er å skaffe kvalifiserte personale og med naudsynt formell kompetanse. I tillegg til dette er det dei stramme økonomiske rammer. Begge desse faktorane er med på å gjere det vanskeleg å utføre alle lovpålagde oppgåver og i dag er det lovpålagde oppgåver kommunen ikkje klarer å fylgje opp. Dette gjeld blant anna jordmorteneste og kulturskule. I tillegg til dette er bemanninga låg i forhold til lover, normer og forskrifter. Med endå strammare rammer i framtida så er det klart at kommunen ikkje klarer å utføre dei oppgåve dei er pålagde.

Solund Kommune er i eit skjebnefellesskap med 27 andre kommunar i Noreg. Desse kommunane er spesielle i forhold til dei andre kommunane i Noreg. Det blir arbeidd med å synleggjere det spesielle med desse kommunane.

Desse kommunane har vald å kalle seg "Mikrokommunar". Det spesielle er at:

1. Kommunen har eit folketal på under 1.000.
2. Kommunen har hatt kraftig nedgang i folketallet.
3. Kommunale- og offentlege arbeidsplassar har mykje å seie for å oppretthalde busettinga.
4. Avstanden til nabokommunar det kan vere aktuelt å samarbeide med/ slå seg saman med er stor.
5. Kommunikasjonen er slik at ein må bruke ferje eller hurtigbåt.

Vi ser det er vanskeleg å få oss med når det skal leggjast felles kriterium for eit nytt inntektssystem. Som nemnt tidlegare så er hovedinntektskjelda til kommunen å statlege overføringer. Med stor fråflytting og påfølgande nedgang i inntektene er vi inne i ein sjølvforsterkande spiral. Dette er ei utvikling som på eit eller anna tidpunkt blir umulig å bære. I staden for ei stadig tilpassing av tenestetilbodet der ein ikkje lenger utfører anna enn lovpålagde oppgåver, og knapt nok det, er det på tide å spørje storsamfunnet og dei ynskjer at det skal bu folk i kommunar som Solund. Vi forventar at svaret er ja, men då må rammevilkåra bli slik at det er mogeleg. Måten å løyse dette på må vere å ha "eit eige kriterium for "Mikrokommunar" som tar høgde for dei utfordringane som desse kommunane står utanfor.

**ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:**  
Det Kongelige kommunal- og regionaldepartement